



Sissel med lista over lag og foreningar i kommunen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skal bli enklare for lagslivet i Kvinnherad å søkja om kommunalt driftstilskot. Det er bakgrunnen for at retningslinene no skal reviderast, seier fagkoordinator Sissel Aarseth. Laga treng ikkje frykta for at dei får mindre tilskot til neste år.

Lagslivet i Kvinnherad fekk i førre månad utbetalt totalt 600.000 kroner i tilskot for 2011. No skal retningslinene for seinare års tildelingar reviderast – og gjerast lettare for søkjarane.

I underkant av hundre frivillige lag og organisasjonar i Kvinnherad deler på tilskotet politikarane kvart år set av til føremålet, medan kulturkontoret føretar fordeling etter fleire ulike kriterier.

– Lagslivet er i endring og vi ser at det er nødvendig å tilpassa tilskotsordninga meir etter dagens driftsform, seier fagkoordinator Sissel Aarseth til *HusnesNett*. Eit av føremåla med dei nye retningslinene er at det skal bli lettare å søkja om tilskot.

Kulturkontoret vil gjerne ha innspel med synspunkt til dei nye retningslinene innan 20. juni. Seinare skal Komite for oppvekst, kultur og idrett handsama framlegget.

Innspel kan sendast til Kvinnherad kulturkontor, 5470 Rosendal eller per epost til sissel.aarseth@kvinnherad.kommune.no.

Av Kristian Hus
HusnesNett